

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 26.04.2024

Møte i Representantskapet i NoMil

Møtet vart gjennomført digitalt og ved hovudkontor i Eidsmona - Sandane 26.04.24 kl. 11:00 – 12:30.

Forslag til dagsorden:

- Representantskapsmøte er det fyste i ny periode 4-års periode.
- Representantskapsleiar Leidulf Gloppestad vart vald som møteleiar fram til ny leiar Sigurd Reksnes var vald i sak 05/24 som vart handsama før sak 02/24.

Til saman møtte 14 av 16 representantskapsmedlemmar og var med det vedtaksføre.

Deltakarliste følgjer vedlagt.

Til å skrive under møteboka vart valde: Torstein Tvinnereim og Gunn Sande

* * *

SAK 01/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Innkalling og sakliste vert godkjent

Representantskapet hadde ingen merknader til Leidulf Gloppestad sitt forslag om at sak 05/24 vart handsama etter godkjenning av innkalling og sakliste.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør med endring vart samrøystes vedtatt.

SAK 05/24 VAL AV STYRANDE ORGAN I NOMIL

I samsvar med Selskapsavtalen skal det i representantskapet gjennomførast val.

Følgjande står på val:

- | | | |
|-----------|--|----------------|
| A) | Leiar og nestleiar til representantskapet | Kommune |
| | • Leidulf Gloppestad | Gloppen |
| | • Sidsel Kongsvik | Kinn |
| B) | Styremedlemmer | Kommune |
| | • Sven Flo | Stryn |
| | • Gunnvor Sunde | Gloppen |
| | • Jan Henrik Nygård | Kinn |

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 26.04.2024

- | | | |
|----|--|---|
| C) | Varamedlemmar | Kommune |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Ellen Hilde Hauge • Per Ståle Husevåg • Kari Elisabeth Larsen | <ul style="list-style-type: none"> Stryn Gloppen Kinn |
| D) | Leiar og nestleiar til styret | Kommune |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Sven Flo • Siri Sandvik | <ul style="list-style-type: none"> Stryn Stad |
| E) | Valnemnd. | Kommune |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Gunnar Silden | <ul style="list-style-type: none"> Stad |
| F) | Klagenemnd | Kommune |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Elisabeth Hatlenes • Geir Arne Solheim • Gunn Sande • Roar Henden • Silje Åsenes Skarstein | <ul style="list-style-type: none"> Bremanger Kinn Stad Gloppen Stryn |
| G) | Val av revisor: | |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap | |

Valnemnda sitt forslag

- | | | | |
|----|--|--|--|
| A) | Leiar og nestleiar til representantskapet | Kommune | Periode (1 år) |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Sigurd Reksnes • Bengt Solheim-Olsen | <ul style="list-style-type: none"> Stad Kinn | <ul style="list-style-type: none"> 2024-2025 2024-2025 |
| B) | Styremedlemmer | Kommune | Periode (2 år) |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Sven Flo • Jan Henrik Nygård • Marit Elisabeth Larsen • Judith Kvåle *) | <ul style="list-style-type: none"> Stryn Kinn Gloppen Stad | <ul style="list-style-type: none"> 2024-2026 2024-2026 2024-2026 2024-2025 |
| C) | Varamedlemmar | Kommune | Periode (2 år) |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Ellen Hilde Hauge • Per Ståle Husevåg • Miriam Nesje **) • Dag Henning Reksnes *) | <ul style="list-style-type: none"> Stryn Gloppen Kinn Stad | <ul style="list-style-type: none"> 2024-2026 2024-2026 2024-2026 2024-2025 |
| D) | Leiar og nestleiar til styret | Kommune | Periode (1 år) |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Sven Flo • Judith Kvåle *) | <ul style="list-style-type: none"> Stryn Stad | <ul style="list-style-type: none"> 2024-2025 2024-2025 |
| E) | Valnemnd | Kommune | Periode |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Torstein Tvinnereim • Vibeke Kjerpeset Os | <ul style="list-style-type: none"> Stryn Bremanger | <ul style="list-style-type: none"> 2024-2027 (3 år) 2024-2025 (1 år) |

Sign. :

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 26.04.2024

G)	Klagenemnd	Vara	Kommune	Periode 4 år
	• Elisabeth Hatlenes	Kjell Sørland	Bremanger	2024-2028
	• Gunn Sande	Ronald Dalsbø	Stad	2024-2028
	• Silje Skarstein	Per Kjøllesdal	Stryn	2024-2028
	• Anita Eikevik	Kent Hammersvik	Kinn	2024-2028
	• Ørjan Tystad	Evangeline Sessford	Gloppen	2024-2028

Medlemmane og varamedlemmane vert valde for 4 år med funksjonstid fram til nytt representantskap har konstituert seg etter neste kommuneval.

- *) Siri Sandvik og varamedlem Jan Vidar Smenes går ut av styret, Judith Kvåle og Dag Henning Reksnes vert vald som medlem og varamedlem for 1 år
- ***) Miriam Nesje ny varamedlem til styret, går ut som varamedlem i representantskapet

G)	Val av revisor:	
	• Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap	2024-2025

Etter oppmoding frå Gunn Sande, gav representantskapet administrasjonen i oppdrag å avklare om det er krav til kjønnskvoltering i klagenemnda.

Representantskapet gjorde deretter følgjande

VEDTAK

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

SAK 02/23: ÅRSMELDING 2023

Tidlegare handsaming :	Organ:	Saksnr.	Møtedato
	Styret	09 og 10 /24	18.03.2024

Det vert vist til vedlegg til sak 02/ 24

- Årsrapport 2023 med årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Årsmelding datert 31.12.2023 / 18.03.24 vert godkjent som styret si årsmelding for driftsåret 2023.

Styret si

VEDTAK

Årsmelding datert 31.12.2023 / 18.03.24 vert godkjent som styret si årsmelding for driftsåret 2023.

I samband med gjennomgang av årsrapport, vart administrasjonen oppmoda om å utdjupe avsnitt 3 under punkt Resultat og utvikling:

Årets sentralt framforhandla lønstillegg har ein gjennomsnittleg berekna årslønnsvekst på 5,2 %

- Sentralt tillegg 4,0%
- Lokalt tillegg 1,2%

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 26.04.2024

Resultat lønsauke tilsette gruppe 1 i NoMil:

- Gjennomsnittsløn pr 1/5 2023	kr. 494.500,-		
- Sentralt tillegg (krone tillegg)		kr. 26.760,-	(5,4%)
- Lokalt tillegg (prosent tillegg)		kr. 5.930,-	(1,2%)
- <u>Garantiløn/harmonisering/ ansiennitet</u>		<u>kr. 4.990,-</u>	<u>(1,0%)</u>
		Samla tillegg	kr. 37.680,- (7,6%)

Det sentrale tillegget gruppe 1 (kronetillegg) var 1,4% høgre en årets sentralt framforhandla lønstillegg. Auka direkte lønskostnader frå 2022 til 2023 var på 5,0%, auke i samla personalkostnader var på 5,6%. Årets lønstillegg er 2,6% høgare en selskapet si lønsauke, som skuldast færre årsverk.

Representantskapet gjorde deretter følgjande

VEDTAK

Innstillinga frå styret vart samrøystes teke til vitande med dei presiseringar som framkjem i saka.

SAK 03/24: ÅRSREKNESKAP 2023

Tidlegare handsaming :	Organ:	Saksnr.	Møtedato
	STYRET	09/24	18.03.2024

Det vert vist til vedlegg til sak 03/ 24

- Årsrapport 2023 med årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tilrår at den framlagte rekneskapen datert 31.12.2023 / 18.03.24 vert fastsett som selskapet sitt rekneskap for driftsåret 2023.

Styret si

INNSTILLING

Styret tilrår at den framlagte rekneskapen datert 31.12.2023 / 18.03.24 vert fastsett som selskapet sitt rekneskap for driftsåret 2023.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Innstillinga frå styret vart samrøystes vedteken.

SAK 04/24: REVISJONSMELDING FOR 2023

Det vert vist til vedlegg til sak 04/ 24

- rrsrapport 2023 med årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 26.04.2024

Styret si
INNSTILLING
Representantskapet tek revisjonsmeldinga for 2023 til vitande.

Representantskapet sitt
VEDTAK
Innstillinga frå styret vart samrøystes vedteken.

SAK 05/24 GODTGJERSLE TIL STYRET

Viser til Representantskapsak 06/20 Godtgjersle til styret

I flg. § 9 i vedtektene for Nordfjord Miljøverk IKS skal representantskapet fastsette godtgjering til og styret. Administrasjonen sitt forslag til satsar gjeldande frå 2022:

Tabell 1:

Møtegodtgjersle:	Gjeldande satsar	Satsar 2023
Styreleiar / fast pr. år.	50.000,-	55.000,-
Nestleiar / fast pr. år.	10.000,-	11.000,-
Styremedlemmar / fast pr. år.	5.000,-	5.500,-
Fast møtegodtgjersle for alle møtande medlemmar og vara	1.000,-	1.100,-
Dokumentert tapt arbeidsfort. pr. møtedag dekkja med inntil	4.600,-	4.700,-
Udokumentert tapt arbeidsforteneste pr. møtedag	1.500,-	1.600,-

Administrasjonen innstiller ovanfor representantskapet å vidareføre satsar vedteke i 2021. Forslaget er ei vidareføring av gjeldande ordning der NoMil ikkje betaler godtgjersle til medlemmar i representantskapet jf. kommunelova §42.

Administrerande direktør si
TILRÅDING
Representantskapet vedtek satsar for møtegodtgjersle for styret jf. tabell 1.

Judit Kvåle ynskte at representantskapet vurdere hennar habilitet etter at ho no vart vald inn i styret. Representantskapet vedtok i tråd med forvaltningslova §6 andre ledd at ho var inhabil.

Representantskapet gjorde deretter følgjande
VEDTAK
Innstillinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedteken.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 26.04.2024

SAK 08/23 ORIENTERINGAR

Status frávær og personale

- Samla sjukefráværet for driftsåret 2022 vart på 3,76 %.
 - 11,2 % korttidsfrávær 1-3 dagar
 - 11,7 % legemeldt frávær 4-16 dagar
 - 77,1 % legemeldt langtidsfrávær over 16 dagar
- Samla sjukefráværet for 1 termin 2023 er 3,05 %

Status drift

- Drifta på hovudanlegget, mengde avfall og aktivitet på gjenbruksstasjonane var tilbake til normalt etter høgare aktivitet i 2020/2021 grunna koronapandemien
- Renovasjonsavdelinga på Nordfjordeid
 - har det siste tida vore utfordringar knytt til nedetid grunna feil og manglar på renovasjonsbilane.
- Renovasjonsavdelinga i Florø
 - Arbeider med utviding av garderobe- og kontorareal. Manglar damegarderobe og tilstrekkeleg herregarderobe med rein/urein sone.

Status etablering av biogass-produksjon

- Viser til tidlegare orienteringar.

NoMil har inngått intensjonsavtaler med landbruket på over 60.000 tonn husdyrgjødsel. I tillegg til våtorganisk hushaldningsavfall frå Sunnfjord Miljøverk, er vi i dialog med Nortura i Førde og Nordfjord Kjøtt i Loen om mottak av slakteavfall.

Vidare er maritim bransje i Nordfjord informert om prosjektet når det gjeld slam, død fisk og slakteavfall frå landbasert havbruk knytt til settefisk- og matfiskanlegg for torsk og laks, lukka sjøanlegg og slakteri.

Gloppen kommunen skal i forhandlingar med Statsforvaltar med mål om godkjenning av næringsarealet på Teita i løpet av fyrste halvår 2023.

For å få realisert eit prosjekt i denne storleik, er det avgjerande å få med industrielle aktørar med risikokapital og rett kompetanse. NoMil har inngått intensjonsavtale med SFE, og er i dialog for å avklare eigarmodell i tråd med EØS-regelverk om offentleg/privat eigarskap, einerett og lovverk knytt til offentleg innkjøp.

Styret arbeider vidare med eit alternativ der SFE etablerer sjølve gassanlegg og NoMil etablerer eit forprosessanlegg som leverer ferdig reinsa og hygienisert (varmebehandla) våtorganisk avfall til biogassproduksjon som kan drivast etter sjølvkostprinsipp som ei avdeling i NoMil.

NoMil fått tilsegn på inntil kr. 400.000,- frå Vestland fylkeskommune i prosjektmidlar til vidare arbeidet rundt etablering av ein industriell grøn hub på Teita. Prosjektet skal avklare samarbeidsområde/industriell symbiose med anna grøn næringsverksemd.

Samarbeid med dei andre renovasjonsselskapa

- Status for samarbeid med Sunnfjord Miljøverk og SIMAS. Styra i dei 3 selskapa har hatt 3 felles møte, der målet er å avklare samarbeid- områder og oppnå stordriftsfordelar innan drift, kompetanseutvikling, vurdere samkøyring av tenester og føreskrifter, felles anbod med meir.

Sign. :

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 26.04.2024

Som orientert om i representantskapsmøte 27.03.2023, er eit konkret prosjekt kartlegging av vegstandar med mål om å;

- optimalisere plassering av dunkar med omsyn til trafikk sikkerheit, sikkerheit og ergonomiske arbeidsforhold for sjåførane og vegane sine bruksklassar
- opparbeide eit fagleg grunnlag for å ta avgjersle for plassering av dunkar
- få ein uavhengig 3. parts vurdering av forholda og eventuelle behov for endringar
- grunnlag for å vurdere type renovasjonsløyising, dunk eller botntømd
- grunnlag for å etablere samleplassar for dunka
- bedriftshelsetenesta eller anna selskap med kompetanse på området gjer ei vurdering av dei ergonomiske og fysiske arbeidsforholda til sjåførane, og utarbeidar ein rapport med funn frå kartlegginga og eventuelle forslag til tiltak.

Undersøkinga kan få konsekvensar for framtidig renovasjonsløyising med omsyn til bilstorleik og bemanning, renovasjonsgebyr og behov for endring av gjeldande standardforeskrift. Styret ynskjer ein dialog med eigarkommunane og å legge fram sak for representantskapet.

Slamordning, vurdering av felles anbod

NoMil har kontrakt med Norva24 fram til 31.12.2023 knytt til innsamling og behandling av septik-slam for kommunane Bremanger, Stad og Gloppen. NoMil lyste ut saman med Sunnfjord Miljøverk, SIMAS i Sogn, Kinn kommune og Stryn kommune eit felles anbod på innsamling av septik-slam i håp om å nå fleire aktuelle tilbydarar og oppnå ein betre pris, men tilbodet vart forkasta grunna ein tilbydar. Sunnfjord Miljøverk, Kinn kommune og NoMil har vurdert innkøyring av septik-slam i eigenregi for å gje redusert slamgebyret for abonnentane i kommunane. Grunna lang leveringstid på bilar og utstyr har Sunnfjord Miljøverk, Kinn kommune og NoMil lyst ut anbod for 1+3 år.

Ytterlegare orientering i møtet.

Eigarskap Retura NoMil AS

- Viser til representantskaps sak 02/2023
Orientering om status

Representantskapet sitt

VEDTAK

Representantskapet tek orienteringar til vitande.

Etterskriv:

Representantskapet ynskjer at det vert gjennomført fysiske eigarmøte i NoMil.

Etter avtale med leiar og nestleiar i etterkant av møte, vert representantskapsmøte/årsmøte og eigarmøte gjennomført fysisk på våren, og representantskapsmøte på hausten vert gjennomført digitalt.

Sign. :	
---------	--

REPRESENTANTSKAPET I NORDFJORD MILJØVERK

Møte 26.04.2024

Leiar: Leidulf Gloppestad og påtroppande leiar Sigurd Reksnes
Nestleiar: Påtroppande nestleiar Bengt Solheim-Olsen

Medlemar	Varamedlemmar
Stryn kommune Sonja Øvre-Flo Silje Skarstein Torstein Tvinnereim	
Stad Kommune Sigurd Reksnes (frå ca. 12:00) Gunn Sande Per Tore Borgund	Judith Kvåle (vara for Sigurd Reksnes)
Gloppen kommune Arnar Kvernevik Ørjan Sydengen Tystad Evangeline Sessford Leidulf Gloppestad til sak 05/24	
Bremanger Kommune Kjell Sørland Vibeke Kjerpeset Os	
Kinn kommune Bengt Solheim-Olsen Anita Eikevik Tove Lill Refvik Volle <u>Forfall:</u> Miriam Nesje Kent Hammersvik	

Møtet vart gjennomført delvis med oppmøte og som digitalt fjernmøte jf. heimel i IKS lova §4 første ledd.

Til saman møtte 14 av 16 representantskapsmedlemmar og var vedtaksføre.

Frå administrasjonen i NoMil møtte: Adm. dir. Inge Bent Arnestad



NORDFJORD MILJØVERK IKS

ÅRSRAPPORT 2023

Innhold

OM NOMIL.....	2
ORGANISASJON	3
AKTIVITET.....	4
GJENNVINNINGSGRAD.....	5
AVFALL.....	6
HANDSAMING AV INNSAMLTA FRAKSJONAR.....	8
DRIFT.....	11
UTADRETTE VERKSEMD.....	13
YTRE MILJØ OG BEREDSKAP	14
ANBOD OG AVTALAR I 2023	15
RESULTAT OG UTVIKLING	16
AVSLUTNING.....	18
RESULTATREKNESKAP 2023.....	19
BALANSE PR. 31. DESEMBER 2023	20
NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2023	22
INNDIREKTE KONTANTSTRAUM	26
REVISJONSMELDING	27

OM NOMIL

Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil) er eit interkommunalt selskap med hovudkontor på Sandane i Gloppen kommune. Selskapet er eigd av kommunane Stryn, Kinn, Gloppen, Stad og Bremanger.

Føremålet med Nomil er å utføre eigarkommunane sine oppgåver med innsamling av avfall frå hushalda. NoMil administrerer i tillegg innsamling og handsaming av slam i kommunane Gloppen, Stad og Bremanger. Kommunane sin eigardel i NoMil svarer til folketalet, og dei heftar såleis uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

Styresamansetjing:

Styremedlemmar:

Sven Flo, styreleiar
Siri Sandvik, nestleiar
Jan Henrik Nygård
Gunnvor A. Sunde
Espen Sortevik

Varamedlemmar:

Ellen Hilde Hauge
Jan Vidar Smenes
Kari Larsen
Per Ståle Husevåg
Nina Grotle

Kommune:

Stryn
Stad
Kinn
Gloppen
Bremanger

Representantskapet i NoMil har til saman 16 medlemmar.

Kinn kommune har 5 medlemmar, Bremanger kommune har 2 medlemmar, og kommunane Stad, Gloppen og Stryn har 3 medlemmar kvar.

Leiar i representantskapet er Leidulf Gloppestad med nestleiar er Sidsel Kongsvik.

Nomil hadde fram til oktober 2023 ein eigardel på 33% i næringssselskapet Retura NoMil AS.

Store utfordringar knytt til drifta, førte til at eigenkapitalen i Retura NoMil AS var tapt sommaren 2023.

NoMil sin aksjepost var tapt, og nedskriven i rekneskapen for 2023.

Etter ei samla vurdering vedtok NoMil å ikkje gå inn med ny kapital i selskapet.

ORGANISASJON

ÅRSVERK OG LIKESTILLING

NoMil hadde ved årsskiftet 42 fast tilsette, fordelt på 4 kvinner og 38 menn. Av desse var 34 i full stilling og 8 i deltidsstilling, til saman 37,3 årsverk.

Ved utgangen av året var det 5,3 årsverk i administrasjonen med ansvar for mellom ann abonnementservice/sentralbord, logistikk, rekneskap og lønn, innkjøp, prosjektleiing og leiing.

På hovudmottaket hadde 4,7 årsverk ansvar for drift av hovudanlegget, verkstad og inn/uttransport av avfall.

Til saman 6,2 årsverk drifta gjenbruksstasjonane i Purkeholta, Smørhamn, Vedvik, Selje og Eidsmona.

På renovasjonsavdelingane var det 19 årsverk, av desse 12,8 på Nordfjordeid og 6,2 i Florø.

Styret har 5 medlemmar fordelt på 2 kvinner og 3 menn, og varamedlemmar fordelt med 3 kvinner og 2 menn.

ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet i selskapet er etter styret si meining godt. Samla registrert sjukefråvær i 2023 var på 5,08 % mot 3,8% i 2022. Av det samla fråværet var vel 2/3 legemeldt langtidsfråvær over 16 dagar.

Det har ikkje vore registrert alvorlege arbeidsulykke som har resultert i fråvær i 2023.

Styret har fokus på fråvær i organisasjonen, som i 2023 i lita grad var arbeidsrelatert.

NoMil skal til ei kvar tid ha fokus på at tilsette i selskapet ikkje blir utsett for slitasje og skade som direkte eller indirekte kan knytast til arbeidet i selskapet.

For å sikre eit akseptabelt sjukefråvær, er det kontinuerleg fokus på eit godt arbeidsmiljø og fokus på HMS og strenge krav til bruk av verneutstyr. NoMil er tilknytt bedriftshelseteneste.

For å styrke fokus på desse områda, vert administrasjonen i 2024 styrka med ny HMS/HR leiar.

På slutten av året vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking i NoMil.


Dagleg leiing og hovudverneombod har gått gjennom resultatane, og konkludert med at grunna noko avgrensa deltaking, endring av ein del spørsmålsstillingar og evt. behov for ein fleispråkleg versjon, er det behov for ein ny undersøking fyrste halvår 2024.

AKTIVITET

TAL ABONNENTAR

NoMil hadde ved utgangen av 2023 til saman 21.456 hushaldning- og fritidsabonnentar. Samanlikna med 2022 er det ei auke på 185 abonnentar, av desse var halvparten nye hytte- og fritidsabonnentar.

Kommunar	Tal hushaldningar		Fritid		Sum abonnement	
	År 2023	År 2022	År 2023	År 2022	År 2023	År 2022
Bremanger	1506	1507	719	699	2225	2206
Stad	3784	3765	596	571	4380	4336
Gloppen	2343	2339	411	397	2754	2736
Stryn	2808	2768	1270	1239	4078	4007
Kinn	6731	6701	1288	1285	8019	7986
Sum	17172	17080	4284	4191	21456	21271



Tabell 1: Hushaldning- og fritidsabonnement fordelt på kommunane

GJENNVINNINGSGRAD

GJENNVINNINGSGRAD HUSHALDNINGSAVFALL

Av samla mengde hushaldsavfall går 2,5% til deponi og anna behandling. Dette er avfall som ikkje kan leverast til forbrenning (betong, porselen, keramikk m.m.), samt enkelte typar farleg avfall.

Alt av restavfall går til forbrenning og energiutnytting.

Materialgjenvinningsgrad for hushaldningsavfall var i 2023 på 38 % mot 27% i 2022, ein oppgang på 11 %.

Energigjenvinningsgrada var 59,0 % mot 69,0% i 2022.

I 2023 leverte hushalda inn 68 tonn hageavfall, som vart omdisponert til dekkmasse på deponiet i Ivahola.

GJENNVINNINGSGRAD	År 2023	År 2022	År 2021	År 2020	År 2019	År 2018
Materialgjenvinning	38 %	27 %	30 %	28 %	48 %	47 %
Energigjenvinning	59 %	69 %	69 %	71 %	50 %	49 %
Ombruk	0,50 %	2 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Deponi/anna	2,50 %	2 %	2 %	1 %	2 %	4 %
SUM	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %



AVFALL HUSHALD

MENGDE HUSHALDNINGSAVFALL

Hushaldningsavfall 2023	Tonn		kg/innb	
	2023	2022	2023	2022
Restavfall dunk	3538	3 145	81	73
Restavfall gjenbruksstasjon	3026	3 173	70	73
Mataavfall	2404	2 741	55	63
Plastemballasje	255	360	6	8
Papp, papir og kartong	1230	1 400	28	32
Glas- og metallemballasje	596	637	14	15
Trevirke	940	839	22	19
EE-avfall	318	344	7	8
Anna avfall	1045	1 087	24	25
Farleg avfall	449	512	10	12
Totalt	13798	14 238	317	329

Totalt tok Nomil i mot om lag 13 800 tonn hushaldningsavfall i 2023. Mengda har gått ned med 440 tonn som er ein nedgang på 3,1 %. Mengda restavfall har gått opp med 246 tonn tilsvarande 3,9 % det siste året.

Av den samla mengda hushaldningsavfall i 2023, er 57 % henta hos abonnentane og 43 % levert til gjenbruksstasjonane. Dette er same fordeling som i 2022.

Totalt har gjenbruksstasjonane i 2023 teke i mot 6472 tonn avfall, ein nedgang på 224 tonn frå 2022. Mengda med farleg avfall har i perioden gått ned med 67 tonn.

2023	Svelgen	Smørhamn	Selje	Haugen	Svarstad	Eidsmona	Vedvik	Florø	Totalt
Restavfall	266	243	146	548	584	455	682	374	3298
Trevirke	75	51	37	179	209	166	180	129	1026
Stål	21	59	22	43	85	120	65	129	544
EE-avfall	24	31	28	67	43	67	53	33	346
Hageavfall	16	17	25	80	0	29	74	71	312
Farleg avfall	19	27	40	83	67	101	63	99	499
Anna	290	272	171	650	650	569	759	406	3767
Totalt	445	457	323	1102	1054	1052	1194	867	6472

AVFALL NÆRING

MENGDE NÆRINGSVAVFALL

Av den samla mengda avfall på 18.000 tonn avfall NoMil tok i mot i 2023, kom 4 245 tonn (24%) frå næring. Samla har mengda gått ned 682 tonn, av dette er 579 tonn restavfall, som i hovudsak skuldast bortfall av avfall frå Retura NoMil AS frå 4 kvartal 2023.

Næringsavfall 2023	tonn		andel %	
	2023	2022	2023	2022
Restavfall dunk	736	827	17,3 %	16,8
Restavfall gjenbruksstasjon	293	376	6,9 %	7,6
Restavfall direktelevert	2208	2 613	52,0 %	53,0
Papp, papir og kartong	12	13	0,3 %	0,3
Glas- og metallemballasje	25	11	0,6 %	0,2
Trevirke	598	754	14,1 %	15,3
EE-avfall	33	45	0,8 %	0,9
Anna avfall	302	233	7,1 %	4,7
Farleg avfall	39	55	0,9 %	1,1
Totalt	4245	4 927	100,0 %	100

Mengda restavfall til forbrenning frå næring er på heile 76%, mens tilsvarande mengde frå hushalda er 48 %. Dette medfører særskilt låg gjenvinningsgrad på næringsavfall.



HANDSAMING AV INNSAMLTA FRAKSJONAR

RESTAVFALL

NoMil har hatt avtale med Geminor AS til 15.02.2024 på behandling og transport av alt restavfall. Totalt 9.801 tonn restavfall vart transportert av Thor Tenden Transport AS til forbrenning, hovudsakleg i Sarpsborg og Ålesund.



VÅTORGANISK AVFALL

Våtorganisk avfall frå hushaldningane vert lasta om til lukka krokcontenar i Eidsmona, og frakta med eigne lastebilar til biogassproduksjon hos Mjøsanlegget AS på Lillehammer og til kompostering hos SIMAS på Kaupanger i Sogndal.

PLASTEMBALLASJE, PAPP OG PAPIR

NoMil har avtale med Movia om å sortere og presse desse fraksjonane. NoMil omset returpapiret gjennom privat avtale med Geminor AS, og dette går til materialgjenvinning. Plastemballasje vert omset gjennom Grønt Punkt Norge, som organiserer materialgjenvinninga i Noreg.



I Vågsøy vert papp, papir og plast sortert og omsett gjennom ASVO Måløy.

Auka innadørs lagerkapasitet av plastemballasje, papp og papir, og endring i innhenting av plast har ført til betre kvalitet.

GLAS- OG METALLEMBALLASJE

Alle hushaldningsabonnentane har eigen dunk for glas- og metallemballasje med tømning kvar 12. veke.

Mengda innsamla glas- og metallemballasje i 2023 har gått ned til 596 tonn, ein nedgang på 41 tonn og 6 % frå 2022. Innsamla mengde er endra frå 15 kg i 2022 til 14 kg for kvar innbyggjar i 2023.

NoMil har leveringsavtale med Norsk Glas- og Metallgjenvinning/ Sirkel.



EE-AVFALL

Elektrisk og elektronisk avfall vert no omsett gjennom Revac i Tønsberg. Innsamla mengde er 318 tonn som er 7 kg for kvar innbyggjar, og er ein nedgang på 9% frå 2022.

FARLEG AVFALL

Farleg avfall er den fraksjonen som er mest ressurskrevjande å handtere. Med dei krav som vert stilt til sortering, pakking og dokumentasjon på fareeigenskapar, er dette eit tidkrevjande arbeid som krev spesialkompetanse.

Farleg avfall vert levert til ei rekke mottakarar, m.a. Norsk Gjenvinning, Renor, Batteriretur og Sunnfjord Miljøverk.



TREVIRKE OG HAGEAVFALL

Blanda trevirke blir, etter avtale med Lindum AS gjeldande fram til 1. juni 2024, køyrt til anlegg i Sverige for energigjenvinning.

Uregelmessig uttransport og nedbør fører til avvik i vekt på trevirke som vert sendt til forbrenning, samanlikna med tørt trevirke som vert levert inn på anlegget.



I 2023 er i overkant av 68 tonn med hageavfall omdisponert til dekkmasse i samband med avslutningstiltak i Ivahola.

SLAM FRÅ HUSHALDNINGANE

NoMil administrerer slam-ordninga for kommunane Gloppen, Stad og Bremanger.

NoMil har avtale med operatør Norva24 for desse kommunane fram til 31.12.2023.

Nomil, Sunnfjord Miljøverk og Kinn kommune inngjekk etter felles anbod, avtale med Norva24 om innsamling og handsaming av slam i 2024 med opsjon på forlenging inntil 3 år.



DRIFT

HOVUDANLEGG I EIDSMONA

Administrasjonen er lokalisert på hovudanlegget i Eidsmona. Det meste av dei vel 18.000 tonna med avfall vert transportert inn til anlegget for mellomlagring, grovsortering, kverning, lasting og uttransport. Inntransport av avfall frå gjenbruksstasjonane og uttransport av våtorganisk avfall og avfall til deponering vert administrert og handtert frå hovudanlegget med 3 egne vogntog.



RENOVASJONSAVDELINGANE

Renovasjonsavdelingane på Nordfjordeid og i Florø disponerer 12 renovasjonsbilar som til saman samlar inn avfall frå våre 17.200 hushaldningsabonnentar og 4.200 hytte- og fritidsabonnentar.



DRIFT AV GJENBRUKSSTASJONANE

NoMil har ein gjenbruksstasjon i Stryn, ein i Gloppen, og to i kvar av kommunane Bremanger, Stad og Kinn. Gjenbruksstasjonane tek i mot avfall som ikkje kan takast med på våre ordinære henteordningar.

Gjenbruksstasjonane i Gloppen, Bremanger og Kinn er drifta i eigen regi.

I Gloppen er stasjonen samlokalisert med hovudanlegget i Eidsmona

I Florø er den samlokalisert med renovasjonsavdelinga i Purkehola.

Gjenbruksstasjonen på Nordfjordeid er drifta av MyRø Invest AS, og Tenden Miljø AS driftar stasjonen i Stryn.

I Selje er stasjonen drifta med mannskap frå hovudanlegget saman med kommunen etter at driftsavtala vart sagt opp i 2023.



Gjenbruksstasjonen i Svelgen stettar ikkje gjeldande krav til fasilitetar, og hadde siste opningsdag i desember 2023. NoMil er i dialog med Bremanger kommune om etablering av ein ny stasjon. Stad kommune og NoMil ser på mogelegheit for å etablere ei betre løysing. NoMil er vidare i dialog med Kinn kommune om oppgradering av eksisterande stasjon i Vedvik.

DEPONI



NoMil mottok etterdriftsløyve for deponiet i august 2022. NoMil har som mål å utført gjenstående tiltak i løpet av 2024, og etter det reknar myndighetene deponiet som avslutta.

NoMil har ansvar for kontroll, overvaking og vedlikehald av deponiet i minimum 30 år, etter at det vert avslutta.

Ivahola har eit deponigassanlegg som har som føremål å samle metan frå deponiet og fagle denne. Anlegget vart sett opp på slutten av 1990-talet, og er i lita grad oppgradert etter dette.

Ein har over fleire år jobba med ei oppgradering. I 2023 fekk ein på plass ei totalvurdering av behovet for investering om anlegget skulle settast i stad og driftast vidare.

Samt ei vurdering av kva mengder gass ein kunne forvente å samle frå deponiet. Etter ei kost-nytte-vurdering vart det i 2023 søkt om å få avslutte faklinga. Statsforvaltaren har godkjent dette.


UTADRETТА VERKSEMD

På NoMil sine nettsider (www.nomil.no) finn abonnentar og andre interesserte informasjon om NoMil sine ordningar, og til dømes tømmekalender, opningstider og prisar for levering. Heimesida vert jamleg oppdaterte med aktuelt stoff.

NoMil brukar SMS-varsling til den einkilde abonnent med informasjon om ny tømmekalender, endring eller innstilte tømmeruter med vidare.

NoMil har eigen mobilapplikasjon som varslar om levering av avfall, oversikt over gjenbruksstasjonane, sorteringsguide og anna informasjon. NoMil nyttar og andre sosiale media som til dømes facebook for å nå ut til våre abonnentar med nyttig informasjon på ein rask og kostnads-effektiv måte.

Gode elektroniske drifts- og støttesystem opnar for effektiv informasjonsflyt og god service til abonnentar og eigarar.



YTRE MILJØ OG BEREDSKAP

INDUSTRIVERN

Hovudanlegget til Nomil er underlagt plikt om industrivern. Avfallsbransjen vart i samband med revisjon av industrivernforskrifta i 2020, utpeika som ein bransje med særskilt mange, store risikoar. Dette er mellom anna understreka av dei mange brannane i norske avfallsanlegg.

Avfallsbedrifter som handterer og behandlar avfall, får plikt industrivern om det er meir enn 20 menneske som er til stade på eit anlegg. Industrivernet si oppgåve er å yte førsteinnsats i samband med brann, ulykker, personskadar og forureining.

Industrivernet har forsterking for brann, som medfører at ein har noko tyngre sløkkeutstyr og enkelte tilsette skal ha særskilte kunnskap om brann.

6 personar vert øvd og kursa som innsatspersonale, medan resterande tilsette utgjer ei orden og sikringsgruppe, samt ein redningsstab. Etablering av industrivern medfører utvikling av planverk, jamlege øvingar og opplæring. Det er krevjande å skulle gjennomføre dette, då alle tilsette inngår med funksjon i industrivernet.



UTSLEPPSLØYVE OG EU SITT INDUSTRIUTSLEPPSDIREKTIV

Hovudanlegget i Eidsmona har eige utsleppsløyve. Løyvet set rammene for kva slags avfall ein kan ta i mot og lagre, samt kor mykje ein kan i ta i mot per år, korleis avfall skal lagrast og kva Nomil kan gjere med avfallet. I 2020 tok Statsforvaltaren inn krav og vilkår i utsleppsløyve, som kjem frå EU sitt industriutsleppsdirektiv

Innføringa av dette direktivet fører til endringar i drifta av anlegget. Mellom dei mest resurskrevjande krava er kartlegging av alle utslepp til grunn og vatn, og innføring av omfattande kontrollrutinar.

ANBOD OG AVTALAR I 2023

INNKJØP

NoMil følger lov om offentlege innkjøp. I meldingsåret er det inngått følgjande avtaler.

ANBOD	Leverandør	Periode	Opsjon	Bruk opsjon
Impregnert transport/behandling	Lindum	06.2023-05.2024		
Leasingavtaler	DnB	Løpande		
Plastsekkar	BioBag AS	07.2023 07.2027	1 + 1	
Renovasjonsbilar 3 stk	Norsk Scania	Levering Q4 2024		
Slaminnsamling og behandling	Norva24	01.2024 - 12.2024	1 + 1 + 1	



Avfallstypar med avgrensa volum og få mottakarar, som glas- og metallemballasje, plast, papp/papir, våtorganisk og metall har NoMil ikkje tidsavgrensa leveringsavtaler.

EE-avfall og farleg avfall vert transportert til ulike spesialmottak for behandling på ikkje tidsavgrensa avtaler.

RESULTAT OG UTVIKLING

REKNESKAP

Inntekter

Samla inntektene i 2023 er på 98,23 mill. kroner, ei auka på 5,0 mill. (5,4%) samanlikna med rekneskap for 2022, og 0,74 mill. (0,76%) over budsjett. Gebyrinntekter frå hushald og fritid er 0,6 mill. over budsjett, medan inntekter frå næring og gjenbruksstasjonane er om lag som budsjettet.

Kostnader

Varekostnaden i 2023 er 0,5 mill. (0,75%) lågare en i 2022, og 3,67 mill. (8,65%) under budsjett. Kostnad for levering av restavfall, matavfall og kjøp avfallsbeholdarar var 3,57 mill. under budsjett. Andre kostnader er om lag som budsjettet. Sterk fokus på kostnadsstyring og effektivisering i eit år med høgare prisvekst en gebyrauken, har likevel ikkje driftskostnad auka meir en 3,0%.

Løn

Årets lønsoppgjær gav eit samla lønstillegg på 7,66%. Auke i direkte lønskostnader siste året vart likevel berre på 5,0%. Differansen på 2,66% skuldast færre årsverk som mellom anna skuldast mykje langtidsfråvær som ikkje vart erstatta. Samla personalkostnader medrekna pensjon auka med 1,54 mill. tilsvarande 5,6%

Andre driftskostnader

Avskrivningar og andre driftskostnadar har auka med vel 1,8 mill. (6,9 %) frå 2022. Det er vidare sett av 0,25 mill. ekstra i avsetning tap på krav.

Resultat

Rekneskapen for 2023 er gjort opp med eit årsresultat på kr. 1.895.477,- mot eit budsjett i balanse, og eit overskot i 2022 på 17.638-. etter finans/skatt.

Resultatet er vesentleg betre en forventa grunna reduserte leveringsvolum og effektiviseringstiltak, sjølv etter eit utfordrande år med auka innkjøpskostnader, høge dieselpriisar og høg løns- og prisvekstvekst.

INVESTERINGAR

Selskapet har mellom anna investert i nye stålcontainerar for 0,6 mill. og lastebilar og maskiner for kr. 5,0 mill. kroner. Netto bokført auke i varige driftsmidlar etter avgang og avskrivningar er på 1,4 mill. kroner.

LIKVIDITET

Likviditeten i selskapet har vore god i driftsåret. Gjennom året var det store svingingar, men selskapet har til ein kvar til hatt tilstrekkeleg med midlar til å ta i vare våre forpliktingar.

PENSJONSPLIKTER

I 2023 er selskapet sine pensjonsplikter balanseført, og pr. 01.01.2023 klassifisert som forpliktingar. Årets nedgang i pensjonsplikter er 0,24 mill. er ført i rekneskapen.

SJØLVKOST


Dei lovpålagde oppgåvene som NoMil utfører på vegne av eigarkommunane, skal utførast til sjølvkost. Det vil seie at ein skal dekke den faktiske kostnaden for renovasjons- og slamtenesta, og som gjer at selskapet over tid skal drivast i balanse utan overskot. Renovasjonsgebyra som abonnentane betaler vert utrekna etter sjølvkost. Avvik mellom sjølvkostresultat og rekneskapsresultat vert ført mot anna eigenkapital.

NÆRINGSVERKSEMD

NoMil skil mellom sjølvkosttenester knytt til hushaldningsavfall og slam, og tenester knytt til handtering av næringsavfall. Det skal ikkje vere kryss-subsidiering mellom sjølvkostområdet og næringsaktiviteten i selskapet. Inntekter og kostnader vert registrert direkte eller fordelt mellom sjølvkost og næringsaktivitet etter nøklar utrekna etter verdi og volum. NoMil si næringsverksemd omfattar i hovudsak innsamling av næringsavfall i eigen regi, avfall frå våre eigarkommunar og gjenbruksstasjonar, næringsavfall levert direkte til hovudanlegget og omsetning av avfallsfraksjonar. Driftsresultatet av næringsaktiviteten er skattepliktig

Nøkkeltal	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal på anonnentar	14 521	14 836	20 155	20 764	21 271	21 456
Hushaldningsavfall (1000 tonn)	10 810	11 064	15 179	15 059	14 238	13 798
Tal medarbeiderar	21	25	32	37	40	42
Samla omsetning	60 730	64 838	81 981	89 073	93 233	98 268
Årets resultat	1 821	408	-333	4 901	17	1 895
Eigenkapital	10 196	10 604	15 616	11 653	7 815	9 711
Langsiktig gjeld og plikter	25 673	24 057	30 042	36 620	42 950	44 850

Rekneskapstal oppgjeve i 1000 kr.



Tabell 8: Nøkkeltal

ÅRSREKNESKAP

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapan eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultat. Styret kjenner ikkje til at det frå rekneskapan si avslutning og fram til dags dato har oppstått noko som endrar selskapets stilling.

Styret foreslår at den framlagde rekneskapan vert fastsett som årsrekneskap for selskapet. Rekneskapan er avslutta under føresetnad av framleis drift i selskapet.

AVSLUTNING

Driftsåret 2023 har vore prega av høg pris- og lønsvekst og lang leveringstid på maskiner og utstyr.

Tiltak som dei siste åra er gjennomført innan organisering, logistikk, kostnadseffektivisering og fokus på kostnadsstyring har resultert i eit rekneskap i balanse.

Det har vore brukt ressursar på industri- og brannvern, gjennomføre avslutningstiltak på Ivahola avfallsdeponi, tiltak knytt til nytt utsleppsløyve på hovudanlegget i Eidsmona med strengare krav til avfallshandtering, lagring og utsleppskontroll.

Avslutta leigeforhold og avfallsleveranse frå Retura NoMil AS har ført til reduserte leigeinntekter og avfallsvolum, men samstundes frigjeve plass til eigen aktivitet til handtering av avfall og tilgang til kontorfasilitetar.

Gjenbruksstasjonen i Svelgen vart steng på slutten av driftsåret, og planlegging av ny stasjon i Bremanger er i gang.

NoMil har inngått avtale med Sogn og Fjordane Energi AS om vidareføring av biogassprosjektet på Byrkjelo.

Parallelt er det arbeidd vidare med prosjekt «Grøn Region Vestland» som er støtta av Vestland fylkeskommune knytt til utvikling av grøn næring i region Fjordane med anlegg som i større grad kan handtere avfall lokalt.

Styret er nøgde med den daglege drifta av organisasjonen og dei disponeringar som er gjort, og vil nytte høve til å takke alle tilsette for godt utført arbeid i selskapet.


Sandane, 31.12.2023/ 18.03.2024



Sven Flo
Styreleiar



Siri Sandvik
Nestleiar



Gunnvor Sunde
Styremedlem



Espen Sortevik
Styremedlem



Jan Henrik Nygård
Styremedlem



Inge Bent Arnestad
Adm. direktør

ÅRSREKNESKAP 2023

Nordfjord Miljøverk IKS

RESULTATREKNESKAP 2023

	Note	2023	2022
Driftsinntekt			
Driftsinntekt hushald		75 407 410	71 181 326
Driftsinntekt næring		14 185 701	13 694 726
Slamgebyr		8 675 238	8 357 320
Sum driftsinntekter		98 268 349	93 233 372
Driftskostnad			
Varekostnad		-38 549 638	-39 069 770
Lønskostnad	1, 2, 3, 4, 5	-29 186 590	-27 641 405
Avskrivning driftsmidler og immaterielle egedelar	6	-5 923 199	-5 504 682
Andre driftskostnader	7, 8	-21 955 373	-20 584 078
Sum driftskostnader		-95 614 800	-92 799 935
Driftsresultat		2 653 549	433 437
Anna renteinntekter		993 491	354 845
Anna finansinntekter		2 918	0
Sum finansinntekter		996 409	354 845
Anna rentekostnader		-1 301 179	-769 193
Anna finanskostnader		-310 264	-1 451
Sum rentekostnader		-1 611 443	-770 644
Netto finans		-615 034	-415 799
Ordinært resultat før skattekostnader		2 038 515	17 638
Skattekostnad på ordinært resultat	9	-143 038	0
Ordinært resultat		1 895 477	17 638
Årsresultat		1 895 477	17 638
Overføringer			
Anna egenkapital		1 895 477	17 638
Sum		1 895 477	17 638

BALANSE PR. 31. DESEMBER 2023

	Note	2023	2022
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	6	24 299 850	25 779 050
Maskiner og anlegg	6	3 988 936	4 472 131
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskiner mv.	6	7 875 723	1 571 020
Sum varige driftsmidler		36 164 509	31 822 201
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i tilknytte selskap	10	0	310 000
Investeringar i aksjar og andelar		525 446	486 982
Sum finansielle anleggsmidler		525 446	796 982
Sum anleggsmidler		36 689 955	32 619 183
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar	8	1 310 260	2 644 407
Andre fordringar		4 245 551	5 492 147
Sum fordringar		5 555 811	8 136 554
Bankinnskot, kontantar og liknande		28 699 659	24 199 032
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		28 699 659	24 199 032
Sum omløpsmidlar		34 255 470	32 335 585
Sum omlaupsmidler		70 945 425	64 954 768

BALANSE PR. 31. DESEMBER 2023

	Note	2023	2022
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Andelskapital		2 981 978	2 981 978
Sum innskoten eigenkapital		2 981 978	2 981 978
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		6 729 102	4 833 625
Sum opptent eigenkapital		6 729 102	4 833 625
Sum eigenkapital		9 711 080	7 815 603
Gjeld			
Avsetning for forplikningar			
Pensjonsplikter	2, 11	5 175 717	5 416 267
Andre avsetningar for forplikningar	12	8 780 982	8 500 722
Sum avsetning for forplikningar		13 956 699	13 916 989
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	30 893 534	29 033 590
Sum anna langsiktig gjeld		30 893 534	29 033 590
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	-35 729
Leverandørgjeld		8 726 808	10 223 927
Betalbar skatt	9	143 038	0
Skuldige offentlege avgifter		1 697 501	1 569 486
Anna kortsiktig gjeld		5 816 766	5 395 173
Sum kortsiktig gjeld		16 384 113	17 152 857
Sum gjeld		61 234 346	60 103 436
Sum eigenkapital og gjeld		70 945 426	67 919 039

Sandane 31.12.2023 / 18.03.2024



Sven Flo
Styreleiar



Siri Sandvik
Nestleiar



Gunnvor Sunde
Styremedlem



Espen Sortevis
Styremedlem



Jan Henrik Nygård
Styremedlem



Inge Bent Arnestad
Adm.dirrektør

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2023

Regnskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for øvrige føretak.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert. Selskapet yter tenester til både hushald og næringsdrivande, og omsetninga fordeler seg slik.

Hushaldningar	kr 87 082 648
Næringsdrivande	kr 14 185 711

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigedelar bestemt til varig eige eller bruk. Eigedelar som er knytt til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar er klassifisert som omløpsmidlar om dei forfell til betaling innan eit år etter transaksjonsdagen. På same måte vert gjeld klassifisert som kortsiktig gjeld om den forfall til betaling innan eit år. Langsiktig gjeld er gjeld som forfell seinare en eit år etter transaksjonsdagen. Fyrste års avdrag på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld vert likevel ikkje klassifisert som omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Omløpsmidlar vert vurdert lågast av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost. Varige anleggsmidlar vert avskrive etter ein fornuftig avskrivingsplan. Anleggsmidlane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å være forbigåande. Langsiktig gjeld, med unntak av andre avsetningar, vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringar.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført, og vert avskrive over driftsmidlane si levetid, om dei har ei forventa levetid på over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15 000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpande under driftskostnader, mens påkost eller forbetringar vert tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmidla.

Ut over dette er følgjande rekneskapsprinsipp nytta:

Leigeavtaler er ikkje balanseført. Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta er verdsett til kurs ved rekneskapsåret sin slutt. Kursgevinst og kurstap i utanlandsk valuta vert ført som finansinntekt og finanskostnad.

Skatt

Skattekostnad i resultatrekneskapen omfattar både perioden sin betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdiar, samt skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukane og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode, er fastsett og skatteverknaden er berekna på nettogrunnlaget. Selskapet er ikkje skattepliktig for den del av drifta som gjeld hushald.

Selskapet har ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2022 til 2023.

Note 1 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	2023	2022
Lønn	22 786 285	21 503 670
Arbeidsgjevaravgift	2 807 274	2 254 849
Pensjonskostnad	3 117 602	3 168 157
Andre relaterte ytingar	475 428	714 729
Sum	29 186 589	27 641 405

Note 2 - Pensjon

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Gjeldande pensjonsordning oppfyller krava etter denne lova. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning gjennom KLP som omfattar 47 aktive og 6 pensjonistar. Ordninga gjev rett til framtidige ytinga. Desse er i hovudsak avhengig av tal opptenings år og lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder - og storleiken av ytingar frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap. Selskapet har balanseført pensjonsoppteninga. Dei tilsette blir trekt i lønn for ein del av pensjonspremien, medan selskapet dekkjer det resterande.

Pensjonskostnad	2023	2022
Noverdi av pensjonsoppteninga	3 647 057	3 463 843
Rentekost på pensjonspliktene	738 800	416 554
Avkastning på pensjonsmidlar	(954 929)	(588 836)
Administrasjonskostnader	105 638	100 948
Arbeidsgjevaravgift	374 876	359 606
Netto pensjonskostnad	3 911 442	3 752 115
Del trekt frå dei tilsette	(412 055)	(387 813)

Pensjonsmidlar – plikter

Brutto påløpte pensjonplikter	(21 941 181)	(19 509 333)
Aktuariel gevinst/tap	1 021 401	966 179
Estimert netto pensjonplikter	4 679 672	4 627 164
Arbeidsgjevaravgift	496 045	519 100
Netto pensjonplikter	5 174 717	5 416 267

Økonomisk føresetnad for utrekning av pensjonskostnad

	2023	2022
Diskonteringsrente	3,70%	3,20%
Lønnsvekst	3,75%	3,75%
G-regulering	3,50%	3,50%
Pensjonsregulering	2,90%	2,72%
Forventa avkastning	5,90%	5,40%
Aga-sats	10,60%	10,60%
Amortiseringstid	10 år	10 år
Korridorstørrelse	10,00%	10,00%

Medlem status

	2023	2022
Tall aktive	43	43
Tall pensjonar	6	7

Note 3 - Tall årsverk

Tall årsverk sysselsett i rekneskapsåret: 37,3

Note 4 - Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar, eigarar med vidare

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til medlemar av styrande organ.

Note 5 – Ytingar til leiande personar

	Lønn	Anna godtgjersle
Ytingar til dagleg leiar	1 005 920	35 311

Note 6 - Varige driftsmidlar/anleggsmidlar

Varige driftsmidlar	Driftslausøyre, inventar o.l	Maskiner og anlegg	Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	Sum
Anskaffingskost pr 01.01	11 231 264	12 918 517	44 654 875	68 804 656
Tilgang i året	5 655 122	1 719 385	0	7 374 507
Avgang i året	-310 000	0	0	-310 000
Anskaffingskost pr 31.12	16 576 386	14 637 902	44 654 875	75 869 163
Akkumulert av- og nedskrivning 01.01	-6 660 244	-8 446 386	-18 875 825	-33 982 455
Akkumulert av- og nedskrivning 31.12	-8 700 663	-10 648 966	-20 355 025	-39 704 654
Balanseført verdi pr 31.12	7 875 723	3 988 936	24 299 850	36 164 509
Årets av- og nedskrivning	2 241 419	2 202 580	1 479 200	5 923 199
Økonomisk levetid	3 - 7	3 - 10	0 - 50	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Note 7 - Revisjon

Godtgjersle til revisor	2023	2022
Revisjon	71 000	45 002
Andre tenester	0	0
Sum godtgjersle til revisor	71 000	45 002

Note 8 - Kundefordringar

	2023	2022
Kundefordringar til pålydande 31.12	2 348 635	3 432 407
Avsetning til tap	-1 038 375	-788 000
Kundefordringar 31.12	1 310 260	2 644 407
	2023	2022
Årets endring i delkrederavsetning	250 375	100 000
Årets faktiske tap på fordringar	197 698	8 156
Tap på fordringar	448 073	108 156

Note 9 - Spesifisering av skatt

Skattekostnad	2023	2022
Betalbar skatt på vanleg inntekt	143 038	0
Skattekostnad	143 038	0
Skattepliktig inntekt		
Resultat før skatt	2 038 515	17 638
Permanente forskjellar	-2 314 024	-3 368 685
+/- Endring i midlertidige forskjellar	1 016 036	3 260 695
- Bruk av underskot som kan framførast	-90 352	0
Skattepliktig inntekt	650 175	-90 352
Betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt på årets resultat	143 038	0
Sum betalbar skatt i balansen	143 038	0

Note 10 - Konsern, tilknytt selskap m.v.

Investering som regnskapsføres etter egenkapitalmetode

Investering	Inngående balanse	Inntektsført resultat	Andre endringar	Utgående balanse
Retura Nomil AS	310 000	0	-310 000	0

Note 11 - Gjeld og garantiplikter

	Beløp
Del av gjeld som forfell til betaling meir en fem år etter rekneskapsåret sin slutt	15 733 162
Gjeld som er sikra ved pant eller liknande sikkerheit i egedelar	30 893 534
Balansført verdi av pantsette egedeler	36 164 509
Summen av garantiplikter som ikkje er rekneskapsført	140 000

Garantiplikter som er sikra ved pant

Selskapet sin finansielle leasing er inkludert i gjeld og pant, dette utgjer per 31.12.23 kr 7 098 236

Selskapet har operasjonell leasing der siste avtale blir avslutta i 2025.

Total plikter på den operasjonelle leasinga per 31.12.23 er kr 6 955 026

Note 12 - Avsetningar og plikter

	Plikter 01.01.23	Endring 2023	Plikter 31.12.23
Etterdrift Ivahola	4 715 169	-48 214	4 666 955
Slamfond	3 785 553	328 474	4 114 027
KLP plikter	5 416 267	-240550	5 175 717
Sum avsetning og plikter	13 916 989	39 710	13 956 699

Indirekte kontantstraum

	2023	2022
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	2 038 515	17 638
- Periodens betalte skatt	0	260 507
+ Tap / - Vinning ved sal av anleggsmidlar	299 000	0
+ Ordinære avskrivningar	5 923 199	5 504 682
+/- Endring i kundefordringar	1 334 146	-588 905
+/- Endring i leverandørgjeld	-1 497 119	3 096 732
+/- Endring i pensjonsavsetningar	-240 550	1 530 088
+/- Endring i andre tidsavgrensingspostar	2 040 733	-458 756
= Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	9 897 924	8 840 973
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
- Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	7 254 507	5 864 053
- Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar	38 464	0
= Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteter	-7 292 971	-5 864 053
Kontantstraumar fra finansieringsaktivitetar		
+ Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	1 859 944	4 029 324
- Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	2 822 100
- Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	575 737
= Netto kontantstraum frå finansieringsaktiviteter	1 859 944	631 487
= Netto endring i kontantar mv	4 464 897	3 314 527
+ Behaldning av kontantar ved årets start	24 163 302	20 848 775
= Kontantbehaldning ved årets utgang	28 699 659	24 163 302
Kontantbehaldning mv framkjem slik:		
Kontantar og bankinnskot ved årets utgang	27 704 748	23 294 207
Skattetrekkinnskot o.l. ved årets utgang	994 911	869 095
= Behaldning av kontantar mv ved årets utgang	28 699 659	24 163 302

VESTLAND REVISJON**Kommunale Oppgåvefelleskap**

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til
Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
			078/2024	20.03.2024

MELDING FRÅ REVISOR**Utsegn om årsrekneskapen***Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Nordfjord Miljøverk IKS som syner eit overskot på kr 1 895 477. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatet og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar, føresegner i lov om interkommunale selskap, budsjett- og rekneskapsforskrifta for IKS og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert 18.03.2024 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til halde fram drifta drift og opplyse om forhold av betydning for å halde fram drifta. Føresetnaden om å halde fram drifta skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsatt drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knyta til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, krev det at vi i revisjonsmeldinga har merksemd på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer vår konklusjon. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller forhold kan likevel medføre at selskapet ikkje held fram drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til selskapet si forklaring for vesentlege budsjettavvik, anten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for å gjere greie for budsjettavvik

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal styret og dagleg leiar forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i

ÅRSMELDING FRÅ STYRE

konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

20. mars 2024



Bjarte Urnes

Statsautorisert revisor

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap

Deltakere

NORDFJORD MILJØVERK IKS 977549833 Norge

Signert med E-signere

Inge Bent Arnestad
post@nomil.no

2024-05-08 09:39:17 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 62.50.166.214

GUNN SANDE Norge

Signert med E-signere

Gunn Sande
guk-sand@online.no

2024-05-08 15:25:31 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 77.16.72.159

TORSTEIN TVINNEREIM Norge

Signert med E-signere

Torstein Tvinnereim
torstein@stryn-nh.no

2024-05-08 09:40:00 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 62.50.168.147